**Kan bompenger/vegprising være et nyttig virkemiddel for å påvirke trafikken slik at en best mulig får utnyttet transportsystemet?**

I bomringen i Trondheim er det tids-diffrensierte takster. Det er dyrere å kjøre i morgen- og ettermiddagsrushet. Før-/etterundersøkelsen som er gjennomført i forbindelse med bomringen, viser at rushtrafikken er redusert. Trafikken har jevnet seg mer ut over døgnet dvs. at en får utnyttet transport-systemet bedre. Noen av trafikantene har også endret reisemiddel bl.a. til kollektivtrafikk.


**Det bør være en sammenheng mellom det en krever inn i bompenger/vegpris fra trafikantene og den nytten de får igjen i form av investeringer i bedre infrastruktur.**

Et slikt mulig innkrevingsssystem for bompenger/vegprising på Nord-Jæren er nå under utredning.


Utredningen skal være ferdig høsten 1997 som en del av handlingsplanen i Transport-planen for Nord-Jæren 1998-2007. Denne vil bli lokal- og fylkespolitisk behandlet høsten 1997.

Figurene viser reisekostnader for næringstrafikken ved etablering av 2 aktuelle vegprisingsprosjekter på Nord-Jæren. Figuren viser hvor mye trafikantene vil spare inn pr. tur i forhold til dagens situasjon, hvor mye de vil måtte betale i en mulig vegpris og samlet gevinst pr. tur.

### Rv 13 Hove - Vatnekrossen



### Rv 44 Stangeland - Skjæveland



### Som grunnlag for utredningen legges flg. prinsipper til grunn:

- Innkrevde midler skal være med å finansiere en konkret tiltakspakke.
- Rettferdighetsprinsippet. Flest mulig skal være med å betale.
- Samme størrelsesorden på lokal ekstrasfinansiering og ordinære statlige midler.
- Sammenheng mellom innkrevde midler og nytte av investeringer.
- Unngå deling av bydeler. Det skal være mulig å nå et bydelssenter avgiftsfritt.
- Tidsdifferensiering. Dyrere takster i morgen- og ettermiddagsrushet.
- Lavt takstnivå slik at en bl.a. unngår omkjøringsproblematikk.
- Kun en avgift pr. time. Gratis passering på kveldstid og i helgene.
- Kapasitetssterkt innkrevingsssystem som ikke skaper trafikkproblemer.
- Sammenheng mellom inntekter og investeringer. Begrenset innkrevingsperiode.
- Et innkrevingsssystem må ivareta hensynet til personvern på en forsvarlig måte.


*Maraton ved Californias stillehavskyst:*

# Billaus «studietur» på imponerende kyststamveg

*Maratonløp er ei oppleving på mange plan. Ein er med i eit sosialt fellesskap. Ein opplever fysisk og mental velvære men til tider også sjølpining. Maraton kan vera ei stor naturoppleving. Løpa kan også vera ei spesiell form for «byvandring», der eit fargerikt folkeliv langs løypa gjerne høyrer med. Og ikkje minst, ein opplever vegar, bruer og trafikkforhold av ulike slag. Big Sur Marathon på Highway 1 (Kyststamvegen) langs ein del av Californias stillehavskyst inneheldt fleire av desse opplevingane i rikt mon. Men som «studietur» for å sjå imponerende veg- og brubyggingskunst var nok dette maratonløpet spesielt.*



**Tekst: Harald Sel**  
**Foto: Jorunn Jaatten Sel**



*Av bruene på den 42 km lange maratonstrekninga, er Bixby Creek bridge den mest storslagne og berømte. Til høgre ser me artikkelforfattaren mens han passerer brua.*

Big Sur blir brukt som fellesnamn for ein del av kyststrekninga sør for byen Carmel. Men sjølve namnet Big Sur skriv seg frå ei ganske høg, klippeliknande halvøy som stikk ut i Stillehavet. Den kunne maratonløparane beundra etter å ha tilbaketog ca 5 km.

## **Imponerende veganlegg**

Highway 1 gjennom Big Sur-landskapet blei anlagt i 1930-åra. Vegen er eit imponerende byggverk og han er godt tilpassa terrenget gjennom det sårbare

kystlandskapet. Særleg gjeld dette fleire av bruene, som kryssar mektige juv på den opprivne kyststripa. Den største og mest storslagne av dei heiter Bixby Creek bridge. Når det først skulle byggjast bru i dette særprega landskapet, er det nytta ein slank og elegant konstruksjon som på ein måte fell naturleg inn i terrenget.

Etter kvart har det blitt mange gode minne frå maratonløp i storslagen og vakker natur, ikkje minst i vårt eige land. Men turen langs den opprivne

og majestetiske kysten i California var ei spesiell og minnerik oppleving.

## **Bilfri Highway 1**

Sjøl om bilismen kanskje er meir «heilag» i USA enn i dei fleste land, så må utvilsomt også dei større maratonløpa ha høg status. Slik tolkar eg det når styresmaktene går med på å stenga ein stamveg, attpåtil Kyststamvegen, i seks timar og overlata han til maratonløparar og marsjfolk. Berre politi, ambulanser og andre utrykningsbilar fekk passera,

og av dei såg me heldigvis berre nokre få under løpet. Kva ville vegsjef, politi og andre som har noko med det sagt, dersom I.L. Skjalg søkte om å få stenga Kyststamvegen mellom Randaberg og Akksdal for å arrangera maratonløp?

### Maraton- og trimfest

Big Sur er både maratonløp og marsj med løyper av tre ulike lengder. Nesten 3.300 sprang maraton og ca 1.600 var registrerte marsjdeltakarar. Dessutan blei det arrangert eit fem km langt trimløp med over 2.200 deltakarar. Alt i alt ein trimfest for alle, godt arrangert, med ein storslagen ramme rundt, og forpleining og omsorg for løparane etter innkomsten. Av festlege innslag langs løypa var levande klassisk musikk av ulik slag, både frå orkester, grupper og frå enkeltpersonar. Mange syns nok synd på pianisten ved Hurrycane Point (orkan-punktet). Punktet ber namnet sitt med rette; det blåste minst kuling og var ganske surt. Fingrane til pianisten må ha blitt stive i blåsten frå Stillehavet. Ei anna sak er det at ein lite kunne høyra av dei sikkert harmoniske klaver-tonane; dei blei bokstavleg talt tatt av vinden.

### Mange inntrykk

Som alltid i utlandet, sprang eg med norsk flagg på brystet og på ryggen. På den måten får eg lettare kontakt med andre løparar, både norske og andre. Men under Big Sur Marathon traff eg ikkje ein einaste nordmann, verken før- under - eller etter løpet. Det nærmaste eg kom det norske var ei jente frå California som i eit år hadde vore utvekslingsstudent i Oslo. Derimot møtte eg eit par svenskar i løypa. Men så var då også Volvo hovudsponsor for Big Sur Marathon. Ein amerikanar såg opp mot toppane som steig nokre hundre meter opp frå Stillehavet, og spurde om me hadde så høge fjell i Norge. Slik kan ein hugsa tilbake på mange hendingar og inntrykk. Som f.eks. jenta med det utruleg lange og kraftige håret, og ho sprang med det fullt utslått. I kulingkasta flagra det som eit halvanna meter langt teppe bak henne. Kvar for seg er det helst ei rekke små opplevingar og inntrykk, men summen av dei blir den store opplevinga som eit maratonløp kan vera. ■

# VTP

**Tekst og foto: A.G.Vasbø**

Det går til tider i baddel med forkortelser av alle slag. Når vi vel har sortert ut SVR's mange initialer for seksjoner og avdelinger, møter vi KRØSUS, MOTIV, SVEIP og Gud vet hva. Nå også VTP.

*- Er dette T1 sitt bidrag til den alminnelige forvirringen?*

Vi har trukket til side faggrupeleder Odd Iversen i en kort pause under møte på vegkontoret.

- Det betyr «vegtrafikkpatrulje». Ordet er en pusteøvelse, lettere med VTP. Dette er en ide vi har på beddingen. Den skal settes ut i livet når vi får ny gassbil.

*- Gassbil ?*

- Vi venter bare på å få installert det som skal til for at vår nye tjenestebil kan gå på gass. Dette er en ny opplevelse for oss. Det markerer at etaten vil være med på en utvikling og vi har virkelig bruk for bilen til forskjellige tjenesteoppdrag.

*«Den lille gule» elektriske bilen kan også tenkes brukt til VTP-oppdrag.*



*Kjell G. Tronstad regner med atskillige timer ute på vegtrafikkpatrulje*

*- Men hvorfor VTP?*

- Vi tenker oss en bil som kjører forskjellige ruter i distriktet og tar seg av forskjellige oppgaver som trafikkstasjonen har langs denne ruten. Det kan være kontroll med avkjørsler og gravetillatelser. Det kan også være kontakt med skoler, verksteder eller kontrolloppgaver på bilsiden. Det hele er en ide som vi må utvikle videre når vi får bilen i drift.

*- Men patrulje, ligger det i dette et oppsyn med trafikantene også?*

- Vi mener det, ja. Vi vil se etter ulovlige tilstander i trafikkbildet og tenker oss at vi kan ta kontakt med trafikanter som oppfører seg klanderverdig. Vi tror at det virker forebyggende og positivt for trafikken når folk vet at de kan bli observert og stoppet dersom de foretar gale handlinger i trafikken. Vi tror også på en viss kontakt med publikum f.eks på ferjekaier og rasteplasser. Da snakker vi om kontakt, ikke kontroll! Som sagt, vi tenker foreløpig. Vi får snakke mer om dette etter litt prøving og feiling. ■

Kolbjørn Grødem:

# VENNSKAPSTUR på to hjul i Kina

- Det som imponerte mest, var den vennlige og flotte måten kineserne tok imot oss på, sier Kolbjørn Grøden - vel hjemme etter et 1.400 km langt fredsridd i sykkellandet Kina.

## Tekst og foto:

Hans Chr. Rygh, Sandnesposten

Kolbjørn er ingeniør ved Statens vegvesen Rogaland sin seksjon for eiendom og geodata. Til daglig er han en ganske alminnelig tursyklist. Han hadde ikke vært ute på noen lengre langtur før han i påsken kastet seg på et maratonritt i Kina etter invitasjon fra «Bike for peace», som brynemannen Tore Nærland står i spissen for. Den ti dagers lange sykkelturen fra Beijing til den tidligere keiserbyen var ment som en fortsettelse av et ritt som skulle gå fra Oslo langs silkeveien til Beijing i fjor. På grunn av visumproblem måtte den turen avbrytes i Moskva. Denne gangen ble det slik at alle som ville, kunne melde seg på. Det gjorde Kolbjørn pluss 17 andre menn og fire kvinner.



Kolbjørn Grøden (t.v.) og Oddmund Mikkelsen (fra Sandnes) tar til seg av kinamaten. Ved måltidene ble det servert opptil 20 tallerkenretter.

Turen gikk med fly fra Sola til Beijing via Amsterdam. Fra den kinesiske hovedstaden sykla gruppen 1.400 km fordelt på ti dagsetapper, før de nådde fram til den tidligere keiserbyen Xi an. Derfra med fly tilbake til Beijing og tilbake til Oslo.

Den norske gruppen vakte stor oppsikt i Kina. Ikke bare langs til dels humpete, støvete og sterkt trafikkerte landeveier og i tidligere forbudte byer. Også kinesisk fjernsyn viste interesse.

Den kinesiske guiden kunne fortelle at to programmer på 10 og 20 minutter om de norske fredsambassadørene ble sendt ut til henholdsvis 80 og 60 mill seere. Et kortere nyhetsinnslag på rikskanalen ble sendt ut til en milliard mennesker i Asia over sattelitt.

- Vi var overrasket over de flotte mottakelsene vi fikk. Noen ganger syntes jeg det nesten ble for stort. Det var tydelig at kineserne la stor vekt på besøket fra Norge, sier Kolbjørn. Elles undret han seg ofte på hvor alle de 1,3 milliarder kineserne befant seg. - Men så snart vi stoppet opp, myldret de rundt oss. Det var lett å få kontakt. Spesielt i de lukkede byene. Mange hadde nok aldri sett levende europere før.

Kolbjørn forteller om et variert landskap, med svære vidder, høie fjell og frodige jordbruksområder der okser dro plogen. Kunstgjødsel og sprøytemiddel var ikkeeksisterende, antakelig fordi det ble for dyrt.

Kineserne så sunne og friske ut. De spiser mye grønnsaker og lite kjøtt og drikker te isteden for kaffe. - Og dere lærte å bruke spisepinner? - Det gikk fint. Etter hvert brukte vi pinner til alt unntatt suppen. Serveringen var den samme hele tiden. Vi satt ved runde bort og opptil 20 felles tallerkenretter.



- Så snart vi stoppet, myldret det av folk rundt oss. Det var lett å få kontakt. Spesielt i de lukkede byene. Mange hadde nok aldri sett levende europeere før, forteller Kolbjørn Grødem.

Den norske fredsgruppen fikk storslått mottakelse hvor de enn kom. Ofte møtte byens og regionens militære ledelse fram sammen med journalister og musikkorps. Det ble holdt taler og overrakt gaver. Kineserne snakket gjerne om både vennskap og fred, reiseliv og investeringer. De var tydelig imponert over nordmennene som gjorde en slik innsats på deres nasjonale framkomstmiddel. Politiske ledere poengterte at de tok miljøproblemen på alvor.


Flere steder sto hotellbetjeningen på rekke og hilste velkommen da nordmennene nådde fram etter endt dags- etappe. Det kunne hende at så mye som et par hundre politifolk var utkommandert for å passe på trafikken slik at de 22 norske syklistene kunne komme seg helskinnet og samlet inn og ut av byen. Alt dette skyldtes nok det arbeidet som Nærland og reisearrangøren Taiji Bureau hadde gjort på forhånd.

- Alt i alt gikk sykkelturen godt, selv om vi ble litt slakke på de lengste etappene og måtte fylle på med søtsaker, bananer og mye drikke. Over de høyeste fjellene valgte vi å sitte i bussen. Bare fem av «proffene» syklet over. Alt i alt var turen og Kina- oppholdet en fantastisk opplevelse, sier Kolbjørn Grødem. ■

# Kryssord nr. 3/97

## VANNRETT

1. Eventyrfigur
9. Popgruppe
12. Etterskrift
13. Mesterskap
14. Oppdrett
15. Kroppsdel
16. Livsledsager
20. Drikk
21. Antatt
22. Gud
23. Fattig
24. Barn
27. På himmelen
28. Kaker
29. Spurte
31. Fornem
33. Fisk
34. Orke
35. Bluss
38. Treffer
39. Voks
40. Leget
43. Rydde
44. Rekke
45. Unge
46. Over



## LODDRETT

1. Dyr
2. Fritiden
3. Kvalitetssikring
4. Moral
5. 12 vannr. fork.
6. I orden
7. Full stans
8. Prep.
9. Navn på vaskem.
10. Fartøyene
11. Matmoren
17. Be
18. Grunnlagt
19. Øde
21. Rep
25. Vasse
26. Røyk
30. Ergo
32. Ikke
36. Luft
37. Elite
41. Flirte
42. Lever

Løsningen på kryssord nr. 3/97 sendes til:

### RYGJAVEGEN

Postboks 197, 4001 Stavanger

Innen 4. august 1997

Innsendt av: .....

Adresse: .....



Rett løsning nr. 2/97

Et Flax-lodd til de to første  
løsningene som trekkes ut.

### Vinnere av kryssord nr. 2/97

**Johanna Skogerbø**

Fiskekroken 12  
4085 Hundvåg

**Henning Ivarrud**

Andr. Hauklands. 19A  
8021 Mørkved

# Dekkeseksjonen

**Tekst: Sverre Andersen**  
**Foto: Karl E. Grude**



Sverre Andersen  
Seksjonsleder

Dekkeseksjonen har hele Rogaland som arbeidsområde. I tillegg utfører vi arbeid i Aust-Agder og Vest-Agder. All produksjon av vegdekkematerialer foregår i Jøsenfjorden, Hjelmeland kommune.

Våre arbeidsoppgaver er produksjon av grus og asfalt, utlegging av asfalt, asfaltfresing, produksjon og utlegging av fresemasse (gjenbruk), oppmerking, justering av kummer og senk, samt kantutbygging i forbindelse med asfaltering.

I sesongen sysselsetter vi ca 40 personer, i tillegg er vi fem på kontoret. Budsjettet for 1997 er på ca 40 mill kr.



Nils Arne Bakkevik  
Spesialarbeider



Randulf Dirdal  
Fagarbeider



Steinar Fosfjell  
Spesialarbeider



Karl E. Grude  
Oppsynsmann



Kåre Grødem  
Oppsynsmann



Berit J. Haugslund  
Spesialarbeider



Harald Hellenen  
Formann



Helga Hjorteland  
Reinholdsbetjent



Helge Hjorteland  
Formann



Jan Hjorteland  
Formann



Audun Høgstø  
Spesialarbeider



Kåre J. Høyland  
Spesialarbeider



Gunnhild Karlsen  
Reinholdsbetjent



Jan Vidar Mattingsdal  
Fagarbeider



Bjarne G. Moen  
Spesialarbeider



Einar Moen  
Lærling



Rolf M. Nilsen  
Sjåfør



Tor Nordmark  
Fagarbeider



Stein Oftedal  
Fagarbeider



Osmund S. Ramsfjell  
Fagarbeider



Ole Rinden  
Fagarbeider



Sigmund Sandmark  
Oppsynsmann



Knut Atle Schei  
Fagarbeider



Magne A. Schei  
Formann





Magne Slettebø  
Formann



Arne Magne Sleveland  
Spesialarbeider



Oddvar Skjørestad  
Spesialarbeider



Kristian Steine  
Fagarbeider



Marianne Stokkebø  
Oppsynsmann




Ole Tamburstuen  
Formann



Jakob Taksdal  
Fagarbeider



Jakob Tednes  
Fagarbeider



John Vindheim  
Fagarbeider



Jarle Våge  
Fagarbeider



Lars Vaarvik  
Fagarbeider



Geir Johnny Aasen  
Fagarbeider

## KVINNER viser vei



Av kvinner  
- med kvinner  
- for kvinner

Kvinner Viser Vei messen ble  
arrangert i Nidarøhallen i  
Trondheim fra 24. - 26. april 1997.  
Fra Statens vegvesen Rogaland  
var 8 kvinner med på konferansen.

F.v.: Inger S. Eriksen,  
Else Askeland, Elin Fjelland,  
Wenche Nesse, Tove Hovd,  
Unni Johnsen. Hilde Serigstad  
og Liv Leikvoll var ikke  
tilstede da bildet ble tatt.



Årets tema var kvinner, arbeidsliv og samfunnsutvikling, med fokus  
på kvinners muligheter i dagens og framtidens samfunn.  
Mange spørsmål ble diskutert og dagene i Trondheim var lærerike  
og morsomme.

Unni Johnsen

## Jubilantar

### 50 år

**Norvald Egenes**  
Produksjonsavdelinga  
9. juli

**Terje Nesheim**  
Produksjonsområde Haugesund  
21. juli

**Eilert Evensen**  
Trafikkavdelinga  
31. juli

**Jostein Aadnøy**  
Administrasjonsavdelinga  
2. august

### 60 år

**John Nesheim**  
Produksjonsavdelinga  
9. juli

**Asbjørn Bøe**  
Produksjonsområde Egersund  
15. juli

**Jakob Tednes**  
Produksjonsavdelinga  
2. september

**Johannes Espevold**  
Trafikkavdelinga  
3. september

**Tor Nordmark**  
Produksjonsavdelinga  
12. september

## Nye medarbeidarar



**Olav Eikeskog**  
Inspektør Trafikkavdelinga  
Stavanger trafikkestasjon



**Peder Berge**  
Inspektør Trafikkavdelinga  
Stavanger trafikkestasjon



**Leiv Gunnar Skeie**  
Inspektør Trafikkavdelinga  
Stavanger trafikkestasjon

## Kompetanse og kompetanseutvikling



Av utbyggingssjef Lidvard Skorpa

Kompetanse er eit viktig verkemiddel for at vi skal vere ein konkurransedyktig og respektert etat. Kompetanse må til for at vi skal kunne utføre arbeidet på ein effektiv måte, og med rett kvalitet. Det handlar om krav som samfunnet set til etaten, det vil seie til alle i Statens vegvesen Rogaland. Men det handlar også om trivsel og utvikling for den enkelte. Gleda over å ha gjort ein skikkeleg jobb, og muligheten til å kunne få, og mestre, nye oppgåver.

Det «plagsomme», eller rettare sagt det som heile tida gir etaten og kvar enkelt av oss stadig nye utfordringar, er at vi aldri kan slå oss til ro. Oppgåvene som skal løysast skifter stadig, teknologi og utstyr skifter, og samarbeidsformer skifter. Utviklinga går raskare og raskare. Samstundes tek det tid å endre kompetanse. Dette medfører at vi vil slakke akterut dersom vi ikkje har sett framover og sett i verk tiltak i tide. Det er ikkje nok å ha kompetanse, vi må ha rett kompetanse til rett tid i forhold til dei oppgåvene vi skal løyse. Berre tenk på utspelet frå planleggingsminister Rugaas om garanti på offentlege tenester! Dette vil setje søkelyset på kvalitet og effektivitet, med andre ord kompetanse, for absolutt alle i etaten.

Ingen kan slå seg til ro med at no kan ein nok. Det som er avansert i dag, vil vere daglegdags om få år. Vi vil også måtte vere meir fleksible med tanke på å endre arbeidsfelt når situasjonen krev det. Nokon vil måtte spesialisere seg ytterlegare enn i dag, andre vil måtte bli all-rounderar. Etaten vil kanskje komme til å krevje at dei ansatte beherskar fleire arbeidsfelt med tanke på skiftande tider

og oppgåver, og den enkelte treng «fleire bein å stå på».

Kompetanse er meir enn kunnskap. Det dreiar seg også om ferdigheter (til f.eks. å kunne bruke moderne verktøy som IT), haldningar, og evne til å kunne samarbeide. Kort sagt evnen til å kunne utføre oppgåver på ein tilfredsstillande måte. Derfor må ein sjå kompetanse i forhold til arbeidsoppgåver.

Kompetanseutvikling må alltid ta utgangspunkt i den enkelte sin kompetanse på ulike arbeidsområder, slik at ein kan planlegge og gjennomføre nødvendige tiltak for å møte framtidige utfordringar.

Høyrest dette passeleg skummelt ut, at vi skal få det svart på kvitt kva vi duger til og kva vi ikkje duger fullt så godt til? Eg trur ikkje det, dersom vi ikkje ynskjer «å stå på stedet hvil» som det heiter. For det vil i realiteten bety at vi stadig blir hengande etter når utviklinga av faglige krav stadig går framover. I framtida må både den enkelte og leiarane ha eit bevisst forhold til nødvendig kompetanse, ut frå etaten (seksjonen, avdelinga, vegkontoret) sitt behov, og den enkelte sine ynskjer og tankar om framtidige arbeidsoppgåver. Til denne tid har det vore for stor grad av «frivillighetskultur» på dette området. Det personlege engasjementet i eiga framtid må vi behalde, samstundes som vi som etat må få eit klarare bilete av kva kompetanse vi treng på kort og lang sikt. Skal vi lukkast fullt ut må kvar enkelt vere motivert for stadig å utvikle seg, og alle leiarar må bevisst styre kompetanseutviklinga i den lei som framtidige arbeidsoppgåver krev.



### Gassbil til Haugesund trafikkstasjon

Trafikkstasjonen i Haugesund har mottatt en helt ny Ford Mondeo, som skal brukes til tjenestebil ved stasjonen. Det spesielle ved bilen er at den går både på komprimert naturgass og vanlig bensin. Den er bil nr. seks i distriktet som har gassdrift. På fotoet ser vi trafikksjef Svein Magne Olsen som tar imot bilen fra disponent Jørgen Jørgensen, Haugesund Auto. I bakgrunnen iler representanten fra Ford til med blomster.

Petter Sivertsen

*Alfred Rake  
til minne*



Alfred Rake døydde i heimen sin i Årdal måndag 19. mai. Han vart 86 år gamal.

Alfred Rake hadde sitt virke i vår etat frå han begynte på vegarbeid i heimbygda Loen i Nordfjord i 1930 og til han gjekk av med pensjon i 1977 - 47 år i alt.

Rake hørde til den generasjon av vegfolk som gjekk gradene frå vegarbeidar og til oppsynsmann gjennom eigen innsats og dugleik. I ungdomen arbeidde han i fleire fylke før han under krigen kom til Årdal i Sogn som formann på eit knusetverk. Tyskaren ville ha han i si teneste fordi han hadde lært seg tysk, - og dermed rømde han til Oslo der han tok elementært teknisk skule i åra 1942 - 43.

Til Rogaland vegvesen kom han i 1945. Først nokre månader i Sauda og seinare til Hålandsosen i Erfjord og til stillinga som oppsynsmann og dagleg leiar av Ryfylkeveganlegget. Etter åtte år her flytta han i 1953 med familien sin til Årdal der han overtok både stilling og hus etter kollega Manfred Fransson. Og her i Årdal levde han resten av livet sitt.

Alfred Rake var ein evnerik og dugande vegmann. Han kunne sitt fag, og han var all sin dag ein lojal og entusiastisk medarbeidar.

Han var evnerik også på andre områder. Han skreiv dikt og prologar, han var vel bevandra i litteraturen og kunne lange dikt av Jakob Sande og Henrik Ibsen utenat. Han skapte fest og humør i godt lag.

Han heldt på sitt vakre Nordfjord-mål, men var likevel Ryfylking så godt som nokon. Han var hjelpsam, gjestfri og raus og på alle måtar ein ordens mann.

Alfred Rake kunne ha sine bestemte meiningar om mangt, og han var ikkje redd for å seia ifrå. Men mine møte med Rake, - frå eg var avdelingsingeniør i Ryfylke i slutten av 50-åra og til han slutta, var alltid prega av godt humør, gode samtalar og godt samarbeid.

*Me lyser fred over  
Alfred Rake sitt gode minne.*

*Chester Danielsen*

Tillitsvalgtes spalte

## Hvorfor være organisert?



**Gunn Elise Vikre, Tillitsvalgt ELF**

Det er søndag kveld og kveldsnyhetene klokken 2400 nærmer seg. Har det skjedd noe i meklingen for oss statsilsatte? Skal de AF organiserte ut i streik, mon tro? Hva blir resultatet? Kanskje noen kroner mer i lønningsspen?

Klokken har slått 2400, og nyhetene begynner. - Fortsatt ingen avklaring sier stemmen fra Østlandet. Man trenger mer tid til å lese gjennom det siste tilbudet. Kanskje vi vet mer klokken 0300.

Klokken 0300, nei det «gidde eg ikkje» å vente på. Jeg trenger søvn! Jeg er jo ikke AF organisert, så den eventuelle streiken angår ikke meg, eller gjør den det?

Klokken 0630 blir nyhetene slått på igjen. «Ingen steik, partene er blitt enige» sier en morgenfrisk stemme på radioen. Enig om hva, lurer jeg på? Så fortsetter den samme stemmen å snakke om et lønnstillegg mellom kr 2500 og kr 3400. Hvor mye betaler jeg egentlig i fagforeningskontingent pr. år - tallene svirrer rundt i hode - men faller fort på plass.

Jeg betaler nesten like mye som jeg får i lønnstillegg. Kanskje det kan svare seg å være uorganisert? Da får jeg både det samme tillegget som alle de organiserte, pluss at jeg sparer fagforeningskontingenten. Da sitter jeg igjen med dobbelt så mye som de andre.

Men tankene vil ikke helt slippe taket denne morgenen. Jeg har da ingen problemer eller bekymringer som jeg trenger hjelp til - eller har jeg det? Hva om alle tenkte som meg. Ville jeg fortsatt være like fri for problemer og bekymringer? En ting har jeg glemt:

Meklingen kommer ikke i havn av seg selv. Vi har tillitsvalgte både sentralt og lokalt som er med på forhandlinger og drøftinger som bl.a. går på omorganisering, arbeidsforhold, ansettelser, velferd og juridisk bistand ved eventuelle konflikter. Som organiserte får vi, gjennom de tillitsvalgte, anledning til å være med på å forme vår arbeidsplass.

Klokken begynner å bli mange. Det er på tide å finne fram kneippbrødet og brun-osten for å smøre matpakken. Jeg kan håpe på at jeg som 62 årig pensjonist, fortsatt har råd til kneippbrød og brunost!



RETURADRESSE:

Statens vegvesen Rogaland  
Postboks 197  
4001 Stavanger



## *I slåttan*

*No ljåen han syng i den saftige voll,  
og alle småblomane slær han i koll,  
og graset av roti han sopar.  
Det gjeng seg så lett i den dogg-mjuke eng;  
i skårene svingar seg dreng etter dreng  
og slær så or vegen! det ropar:*

*Ja svinga, du slåttkar, og vollane snøyd!  
Det angar så godt av det nyslegne høy,  
som verdi var full utav blomar.  
Det legg seg ein god-dåm om bakke og hygd,  
det er som ei ørske av nøgd og av trygd,  
det angar så hjarteleg sumar:*

ARNE GARBORG

**Sommartid er slåttetid,**  
også for Statens vegvesen.  
Men det er lenge sidan ein nytta orv og ljå,  
slik som ein gjorde i Arne Garborg si tid.  
Her er det Jon G. Husveg som er slåttekar med  
eit av nåtidas reidskap.



Statens vegvesen  
Rogaland